

Eple, pære, plomme



Finn Måge

Illustrert av
Hege Gjerde Sviggum

Ein ny norsk pomologi
over historiske og levande
fruktsortar med røter i
vår felles kulturarv



Utgitt med støtte frå Kunnskapsdepartementet ved Lærebokordninga for høgare utdanning og Skuleboknemndi åt Studentmållaget i Oslo.

Illustrasjonane av frukt er håndmåla akvarellar. Dei fleste er teikna frå levande frukt ved Njøs frukt- og bærseier i Sogn, med fagleg og praktisk hjelp frå Stein Harald Hjeltne og Dag Røen. Nokre få er teikna frå fotografi, og Agaeplet er skissa frå skriftlege skildringar.

Dikta av Olav H. Hauge er trykte med løyve frå Det Norske Samlaget.

Illustrasjon: Hege Gjerde Sviggum
Grafisk form: Modest [Rune Døli]
Repro: JK Morris AB
Font: Tiempos Text og Antique Legacy
Papir: 100g Munken Pure
Trykk og innbinding: Balto Print

© SKALD 2025

www.skald.no

ISBN 978-82-7959-371-3

Innhald

- 9 Grunnleggande kunnskap
om frukt og fruktdyrking

- 23 **Eple**
- 37 Eplesortar i Noreg

- 181 **Pære**
- 191 Pæresortar i Noreg

- 255 **Plomme**
- 267 Plommesortar i Noreg
- 347 Vedlegg
- 348 Ordforklaringar og korte artiklar
- 352 Vegen vidare
- 353 Litteratur
- 354 Grafar
- 359 Register

Føreord

I boka *Norsk frukthistorie*, som eg gav ut i 2016, lista eg opp hundrevis av fruktsortar som har vore prøvde i Noreg, både av eple, pærer, plommer, morellar og sure kirsebær. I denne boka blir ei rekkje enkeltsortar nærare omtala, både gamle sortar som ikkje finst meir, og sortar som blir dyrka i dag.

Berre eit lite utval av alle dei mange sortane som har vore dyrka, kan finne plass i ei slik bok. Sortane eg har teke med, har vore dyrka i eit visst omfang, og dei har vore tilrådde for planting for norske fruktdyrkarar og i private hagar.

Sure og søte kirsebær (morellar) er ikkje tekne med. Rett nok fanst det mange sortar, særleg av morellar, men dei var ikkje lette å skilje frå kvarandre, og for folk flest var det nok å skilje mellom mørke og lyse sortar og sortar som mogna tidleg eller seint.

Boka er ikkje ei lærebok i fruktproduksjon; ho tek i liten grad opp dyrkingstekniske spørsmål som pollinering, kva grunnstamme sortar skal podast på, forming og skjering av trea og spørsmål om næringstilgang og plantevern. Litt generelt stoff om grunnleggande tema og fruktkvalitet er teke med. Boka legg vekt på fruktsortar og sortseigenskapar og er eit viktig bidrag til å ta vare på kunnskapen om tradisjonelle norske fruktsortar.

Det er snart tre mannsaldrar sidan førre forsøk på å samle alle dei norske fruktsortane mellom stive permar. Målet med denne boka er å lage eit oppdatert, samla verk som viser fram det rike mangfaldet innan norsk fruktdyrking.

Finn Måge
Ås, mai 2025

Eple

Agaeplet

Agaeplet er ein sort som høyrer historia til. Sorten kom fram av eit frø som blei sådd av Johannes Aga på Aga i Hardanger i 1846. Treet voks godt, og etter nokre år gav det stor avling. Professor Frederik Christian Schübeler ved Universitetet i Oslo, som ivra for norsk fruktdyrking, blei oppglødd over sorten. Han omtala sorten i rosande ordelag, fleire planteskolar landet rundt hadde han på sine lister, og han blei planta i dei fleste fruktbygder. Schübeler sende han også til utlandet, og eplet blei skildra og teikna av professor Charles Jacques Édouard Morren i Belgia i 1860 og er seinare omtala i tysk faglitteratur. Ein fransk planteskole laga tre av sorten, men det blei neppe planta mange tre utanom Noregs grenser.

Professor Schübeler var utdanna lege, og han var lege for Henrik Wergeland. Det var nok Wergeland som pensa Schübeler inn på botanikk og hagebruk, og han blei i seinare tid ein legendarisk professor i botanikk ved Universitetet i Oslo.

Treet av Agaeplet var ikkje svært stort, det var friskt og robust og lite kravfullt, og det gav god avling.


Fruktene av Agaeplet var store til svært store, eplet var flatrundt, altså vidare enn høgt, og det var litt uregelmessig i forma. Den korte stilken sat i ei djup og vid stilkhole. Skalet var glatt og glinsande, grunnfargen var grøngul, men lysgul fram mot mogning. På solsida var der mykje raudt, dekkfargen var i varme striper. Fruktene var svært fine å sjå til.

Fruktkjøtet var kvitt og fint, det var saftig, men hadde lite søtsmak og lite aroma. Eplet mogna seint og kunne halde seg til april, kanskje lenger, men det kunne også rotne under lagringa. Agaeplet var rekna for å vere eit svært godt kokeeple eller mateple, men blei også ete i frisk tilstand.

Presten Sverdrup i Balestrand skriv i 1890-åra at i gode somrar er eplet «udmerket smukt og meget godt, men forekommer mig i alminnelige år temmelig tørt og uden synderlig velsmag».

Sokneprest Olafsen i Ullensvang innsiserte det opphavlege treet i 1893 og skreiv at i unge år bar treet større og finare frukter enn det gjer nå. Det fanst ein del tre av sorten i Hardanger, men ikkje svært mange. Nokre eldre tre av Agaeplet stod både i Ullensvang og andre stader av landet så seint som i 1946.

I planteskolekatalogen frå Norges landbrukshøgskole frå 1885 var Agaeplet med, men i 1905 var det borte. Agaeplet blei nok lite eller ikkje planta etter år 1900. På den tid fanst andre sortar med betre kvalitet som kunne erstatte det. Agaeplet er borte for lenge sidan, og det finst neppe folk som hugsar det eller kjenner det. Likevel har ein pomologisk interessert person frå Austerrike vore på leit etter podekvist av Agaeplet så seint som sommaren 2023.



Close

Close er ein amerikansk sort som blei dyrka som tidlegeple i Noreg frå omkring 1960. Sorten kom fram i Virginia, USA i 1920-åra og blei introdusert i 1938. Foreldresortane er ikkje kjende. Close mognar nokre dagar før vår mest dyrka tidlegsort Transparente Blanche.

Close er triploid og har frodig vekst med kraftige skot og store blad, og treet blir stort. Sorten er sjølvsteril og må ha pollen frå andre sortar, og han kan ikkje pollinere andre sortar. Close kjem tidleg i bering og gjev bra og årviss avling. Frukta er middels stor til stor og noko avlang og uregelmessig i forma, særleg fram mot begerenden. Grunnfargen er gul, men fruktene kan få mykje og fin raudfarge dersom dei blir eksponerte for lys. Det kraftige lauvverket gjer at mange eple heng i skuggen, og fargen blir då grå og lite tiltalande.

Fruktkjøtet er kvitt og fast med fin struktur, men eplet blir raskt overmogent og mjølent. Smaken er frisk og med fin aroma, men i overkant syrleg. Close mognar ujamt og har ein tendens til å falle ned før full mogning, slik at epla må haustast i fleire omgangar. Sorten er ikkje veldig utsett for sjukdomar.

Kjende problem med Close er dårleg farge, tidleg fruktfall og innhole frukter. Vanskar med pollineringa gjorde at det blei få frø i epla, og slike frukter blei lett misforma. Sorten har dessutan kort brukstid, han får lett støyt-flekker, og han toler lite handsaming.

Close var ein del planta som tidlegsort, særleg fordi marknaden mangla eit godt tidlegeple. Men eplet kom aldri på lista over dei mest omsette sortane i Noreg og er etter kvart blitt borte.



Gravenstein

Gravenstein var lenge den desidert viktigaste eplesorten i Noreg. Tredjeparten av epla som var produserte i Noreg, var av sorten Gravenstein frå 1950-åra til ut i 1990-åra. Framleis utgjør Gravenstein nær ti prosent av epleproduksjonen i landet. Sorten er rekna for å vere dansk, og opphavet blir knytt til slottet Gråsten i Søndre Jylland frå kort før år 1700. Men opphavet er ikkje sikkert klarlagt. Tre av sorten kom til Aga i Hardanger i året 1792, og desse trea er rekna som dei første trea av Gravenstein i norsk jord.

Gravenstein er triploid, og slike sortar har kraftig og frodig vekst med lange skot og store blad. Sorten var tidlegare poda på sterk grunnstamme, og trea blei kjempestore, både høge og vide. Trea blomstrar tidleg, men triploide sortar kan ikkje pollinere nokon annan sort, og slike tre må få pollen frå sortar som blomstrar til same tid. Sorten gjev stor avling, men avlinga kunne variere mykje frå år til år.

Frukta er stor og valseforma, ofte med tydelege kantar eller åsar, særleg fram mot begerenden. Forma varierer noko med avlingsmengd og sommartemperatur. I varme år er frukta meir rund enn i kjølige år. Fargen er grøngul til gul, men med noko raudfarge på solsida, og eplet er tiltalande å sjå til. Kjernehuset er stort og opent, og det inneheld ingen eller få frø. Fruktkjøtet er gulkvitt, og det held seg kvitt lenge sjølv om det kjem i kontakt med luft, slik at det er ein ettertrakta sort i konservindustrien. Kjøtet er sprøtt og svært saftig med frisk og god aroma. Gravenstein i god utvikling var rekna som det ypparste ein norsk fruktbonde kunne produsere.

Sorten er ikkje enkel å dyrke. Han krev god sommar for å gje fullgod utvikling, og trea er utsette for frostskaade. Dei kunne bere for mykje, og då blei fruktene små og grå. Likevel var Gravenstein mykje dyrka i alle fruktområda i landet vårt, og sorten var med i dei fleste privathagar (sjå graf 2, s. 354).

Han er utsett for soppsjukdomane skurv, mjøldogg, frukttrekraft og begerrote, og han kan utvikle priksjuke.

Det fins fleire raude typar av Gravenstein, og det er mest slike som har vore planta dei siste 50 år. Mutinga påverkar berre fargen, og andre eigenskapar er identiske hos dei gule og dei raude typane.

Neppe nokon annan eplesort har fått så stor kommersiell geografisk utbreiing som Gravenstein. Handelsdyrkinga strekker seg frå Linge på Sunnmøre i nord til Sebastopol ved San Francisco i sør, der han blir rekna som ein tidlegsort. Lenger nord enn her i landet blir det ikkje dyrka eple nokon stad på jorda, sommaren blir for kort og for kjølig. Lenger sør enn ved Sebastopol kan ikkje eple dyrkast, for vinteren blir for kort.



Gul Richard

Sorten stammar frå den nordaustlege delen av Tyskland og er svært gamal. Han var planta i Danmark og Sverige frå om lag 1860. Her i landet var han litt dyrka i Buskerud, men blei aldri nokon viktig sort. I seinare tid er det blitt ny interesse omkring sorten, fordi det viser seg at personar som er allergiske mot eple, kan ete Gul Richard utan å få reaksjonar.

Trea dannar ei opprett, fin og middels stor krone. Dei blomstrar seint og har godt pollen og var i våre naboland planta saman med tre av sorten Cox's Orange.

Sorten er kravfull med omsyn til klima, han krev lang og varm sommar og er heller ikkje spesielt sterk mot frostskaade. Gul Richard har med andre ord eit snevert dyrkingsområde her i landet. Dertil kjem at sorten er utsett for soppsjukdomar.

Frukta blir middels stor, og ho er avstumpa kjegleforma. Stilken er kort og kraftig, og i stilkhola er det som regel mykje korkhud.

Fruktskalet er tynt og utan glans. Grunnfargen er grønkvit, men epla har ei særprega blåkvit dogg. Det er sjeldan dekkfarge, men om så skulle vere tilfelle, er dekkfargen i små mursteinfarga område. Ein moderne sort skal selje på sin utsjånad, og her stiller Gul Richard svakt på grunn av svak farge og lite glans. Trea kjem seint i bering og var kjende for å gje avling annakvart år. Sorten har fin kvalitet og hadde lang omsetningstid. Han var av interesse for dyrking nokre stader i landet, særleg i Lier, og var ein kjend sort mellom torghandlarane.



Torstein (Raud Torstein og Stor Torstein)

Torstein var frå først av ein lokalsort i Hardanger, men blei etter kvart mykje planta også i andre delar av landet og var vår viktigaste eplesort nest etter Gravenstein i lange tider. Det er fleire teoriar om opphavet til sorten, men det første treet som er kjent, blei planta i Opedal i Hardanger omkring 1750, og sorten fekk namn etter sonen til han som planta det.

Ei tid var sorten kalla Vanleg Torstein for å skilje han frå sorten Stor Torstein, som var ein annan sort. Sidan kom ein raud type av Torstein, og den raude blei mykje planta frå 1960 og utover.

Tre av Torstein veks kraftig og blir store med ei stor vid og nokså rund krone. Trea kunne vere høge, og fruktene sat ute på slengete greiner, så epla var krevjande å hauste. Torstein blomstrar tidleg og har godt pollen.

Frukta er middels stor eller knapt det. Ho er rund til flatrund og jamn i forma med lite åsar og kantar. Stilken er kort og tjukk og når til vanleg ikkje utanom stilkhola endå stilkhola er grunn.

Overflata er glatt med litt glans, og skalet er nokså tjukt og seigt. Grunnfargen er gulgrøn, men sterkare gul ved fullmogning. Solsida kan vere dekt av raudfarge i flammer eller korte striper. I god utvikling kan mykje av overflata vere raudfarga. Skalpunkt i overflata er lite synlege.

Fruktkjøtet er svært fast, det er kvitt eller gulkvitt, sprøtt og lite til middels saftig. Smaken var rekna for å vere god, litt vinsyrleg, men utan nokon særprega aroma.

Torstein var frå først av mest planta i Hardanger. Sidan blei det ein viktig sort i Sogn og Fjordane, og etter kvart i resten av landet, men ikkje der vinteren var for kald. Sorten er nokså kravfull med omsyn til klimaet for at frukta skal bli smakfull nok. Torstein er middels utsett for soppsjukdomar, men kan nok vere plaga av frukttrekraft. Normalt gjekk det fleire år frå trea var planta til dei gav avling. Seinare gav sorten stor og nokså jamn avling, men det hende trea hadde kvileår. Sorten var rekna for å ha god handelskvalitet fordi epla var vakre å sjå til, mange lika smaken og fruktene var robuste og heldt seg svært lenge. Torstein var lett å lagre og var marknadsført frå desember til langt fram på våren.

Norsk fruktdyrkarlag kalkulerte at vi produserte 3700 tonn Torstein årleg frå 1956 til 1967, det utgjorde nær 15 prosent av epla i Noreg, og Torstein var den nest viktigaste sorten. Etter Statistisk sentralbyrå sine tal var tre av Torstein på andreplass i 1979, men på åttande plass i 1989, og produksjonen gjekk sterkt ned fram mot 1990. Sist i 1990-åra var det berre omsett nokre tonn av Torstein, og etter år 2000 blei sorten heilt borte frå omsetninga. Vi fekk nye sortar som fall betre i smak hos forbrukarane.



Pære

Pæresorten Celina er ein suksess for norsk fruktforedling, vi har aldri tidlegare fått fram ein sort som vekker så stor interesse i utlandet. Sorten er komen fram etter samarbeid mellom norsk og svensk fruktforedling i åra 1983 til 1987. Kryssingane blei utførte ved Balsgård i Sverige av den norske foredlaren Stein Harald Hjeltnes på Njøs, og frøa spirte ved Njøs frukt- og børsenter i Sogn, og der blei sorten selektert og poda i siste halvdel av 1990-åra. I 1999 blei tre av sorten sende ut til testing fleire stader i inn- og utland. Ti års tid seinare blei rettane til sorten selde til eit belgisk firma som marknadsførte han i alle land. Det er planta mykje Celina i Belgia, og også i Spania og Sør-Afrika. Der haustar dei store avlingar av god kvalitet.

Celina er ei kryssing av Broket Juli og Williams. Det er ei haustpære som blir plukka om lag samtidig med Clara Frijs. Lenger sør, i varmare klima, er det ei tidlegpære.

Ute i verda blir Conference brukt som pollensort. Her i landet er Anna og Fritjof helst planta som pollentre, men også andre sortar kan brukast.

Trea kjem tidleg i bering, men avlinga er ujamn og har mange gonger vore for lita. Men nokre produsentar har fått det til. Sorten har lite behov for tynning, men i enkelte år bør kartmengda regulerast. Fruktstorleiken er bra, middels eller i overkant av det.

Frukta er svært fin å sjå til, pærene er velforma og jamne, overflata er glatt og fin og har mykje og fin raud dekkfarge. Fruktkjøtet inneheld lite steinceller som gjev enkelte pæresortar ein grynstruktur. Frukta er behageleg å ha i munnen. Smaken er svært god, fruktkvaliteten er på høgd med dei aller beste pærene vi har. Pærer som er hausta til riktig tid, kan halde seg på lager til november, men når mogningsprosessane er komne i gang, går det raskt mot overmogning. Sein hausting fører til at Celina raskt blir overmogen og får indre samanbrot. Sorten er lite utsett for sjukdomar og kan dyrkast økologisk.

Dette er ein svært lovande sort, og han kan vere med på å redde norsk pæreproduksjon. Det er stor interesse for sorten, og det er planta mange tre. Celina kom med på lista over omsette sortar i 2016 med eitt tonn, i 2017 var produksjonen på 14 tonn, i 2018 var han på 30 tonn og i 2019 på 203 tonn. Det er sjeldan at ein norsk sort vekker så stor oppsikt både her heime og i utlandet.



Clapp's Favorite

Clapp's Favorite er ein amerikansk sort frå omkring 1850, og han blei etter kort tid planta i mange europeiske land, også i Noreg. Han gjekk for å vere ein god handelssort. Clapp's Favorite var med i Det norske hageselskap si sortsliste for 1936, men var borte 20 år seinare. Her i landet blei sorten planta i dei aller fleste fruktbygder, men ingen stad blei han dominerande.

Treet veks kraftig og blir stort, det er sunt og friskt, men kan få skurv i område med mykje nedbør. Det blomstrar seint, men har godt pollen. Frukta er stor, pæreforma og med kantar mot begerenden. Stilken er tjukk og kjøtfull, og det kan vere ein kjøtkrans ved stilkfestet. Skalet er litt glinsande lyst gulgrønt og har mykje fin raudfarge på solsida. Fruktkjøtet er kvitt til gulkvitt, grovt, saftig og smeltar nesten i munnen. Smaken er søt og aromatisk.

Sorten kan dyrkast over eit stort område, men kvaliteten blir berre middels på stader med svakt klima.

Frukta blir normalt hausta sist i september. Pærene heng laust på treet og har lett for å falle ned. Avlinga er berre middelmåtig og ujamn, men trea kan enkelte år gje så mykje at dei bør tynnast. Sorten har kort haldbarheit og skal omsetjast mellom sortane Keiserinne og Moltke. Frukta er krevjande under transport og i handelen, ho kan lett bli skadd, og då blir overflata stygg.

Clapp's Favorite blei aldri den suksessen for næringa som mange hadde forventa. Fruktenes var store og fine, men sorten bar for ujamnt, kvaliteten blei ikkje i god nok i mange av åra, og pærene hadde for kort brukstid og var vanskelege i handelen. Sorten vart med tida mest tilrådd for dyrking til eige bruk.

Det finst raude mutantar av Clapp's Favorite som skil seg frå morsorten ved at overflata er heilt raud. Den typen pærer har ikkje fått stor plass i marknaden.




Ingrid

Ingrid er ein tidleg pæresort som er foredla i Noreg. Det er ei kryssing av sortane Conference og Giffard, og kryssinga var utført ved Balsgård i Sverige i 1985 av den norske foredlaren Stein Harald Hjeltnes. Frøa blei sådde og sorten selektert ved Njøs frukt- og børsenter i Leikanger i Sogn, som er ein del av det norske foredlingsforetaket Graminor. Ingrid er altså eit resultat av foredlingssamarbeid mellom Noreg og Sverige, på same måten som sortane Celina og Kristina. Sorten blei registrert i 2005.

Treet veks svakt og blir ikkje stort. Det er nokså raskt med å kome i bering, og det er litt delte erfaringar med bereevna. Stort sett er avlinga bra og årviss, men ikkje svært rik.

Sorten mognar svært tidleg, omtrent til same tid som sorten Broket Juli, eller frå midten av august. Fruktenes er ikkje store, men har likevel bra storleik til å mogne så tidleg. Pærer av Ingrid er lyse på farge, dei er utan steinceller i fruktkjøtet, dei er smeltande i munnen, og dei har svært høg kvalitet. Smaken er søt og god for å vere ei så tidleg pære. Som andre tidlege sortar blir fruktene raskt overmogne, og dei held seg berre ei veker tid ved romtemperatur. Tida for omsetning og bruk er svært kort, og sorten eignar seg lite for ordinær omsetning. Men for personar som driv direkte sal, er dette ein sort å starte pæresesongen med.

Ingrid er ein vanskeleg sort i omsetninga. Men for den som vil ha ei svært tidleg mogen pære i hagen sin, kan Ingrid vere eit godt val. Fruktenes kan etast direkte frå treet og smakar svært godt.



Keiserinne

Dette var ein av våre mest planta sortar i lange tider. Sorten er av fransk opphav, han er fleire hundre år gamal og er kjend i mange land under mange ulike namn. Vi veit at han var planta her i landet frå kring 1780, kanskje var han dyrka her tidlegare enn som så.

Unge tre veks kraftig med lange skot før veksten avtek. Trea blir ikkje store, men får ei open krone med hengande greiner. Trea er greie å ha med å gjere i hagen. Keiserinne er nokså utsett for vinterfrost og var for det meste planta i område med milde vintrar. Både tre og frukter er utsette for skurv, og det set seg lett frukttrekraft i skurvsåra.

Keiserinne er triploid og kan ikkje pollinere andre sortar. Sorten blomstrar tidleg til middels tidleg og kan bli pollinert av mange kjende sortar.

Trea kjem tidleg i bering og ber rikt og årvisst, i nokre år er avlinga så stor at det går ut over fruktstorleik og smaks kvalitet. Sorten mognar frå sist i august til først i september og var rekna for å vere vår beste tidleqpære. Pærene blir spisemogne medan dei heng på treet, og dei blir raskt overmogne. Utan kjølelagring held dei seg berre ei veke til to. Fruktkjøtet er kvitt og smeltande, og smaken er svært søt og svært god. Sidan brukstida er så kort og pærene må konsumerast raskt etter hausting, var dette ein krevjande sort i omsetninga.

Frukta er middels stor eller litt mindre. Ho har lang pæreform og kan vere svært lang. Fargen er lysgrøn til grøngul, og pæra kan ha litt raude striper i overflata. Skalet er glatt, og ho er fin å sjå til. Frukta har lett for å sprekke ved regnvêr fram mot mogning, og enkelte år kan ein stor del av avlinga bli øydelagd.

Keiserinne var lenge ein av hovudsortane i Noreg og ettertrakta i marknaden, kjend på grunn av si langstrekte form og sin gode smak. I slutten av 1950-åra var 16 prosent av pæretrea av sorten, og omkring 1960 blei det omsett kring 400 tonn Keiserinne her i landet, noko som gjorde pæra til landets sjette største pæresort. Seinare har avlinga gått ned, etter år 2000 er det ikkje lenger omsett pærer av sorten.

Keiserinne blei borte fordi sorten var utsett for sjukdom, vanskeleg å dyrke og lite tilpassa eit moderne omsetningsopplegg. Men Keiserinne er ei kvalitetspære og kunne framleis gjerne bli planta i villahagar og til privat bruk.



Plomme

Blåplomme frå Lier

Dette er ei rotekte plomme som er svært gamal, truleg frå klostertida. Ho har vore mest dyrka i Lier, på Modum og i Eikerbygdene, men også andre stader på Austlandet. Ho har også vore planta på Sørlandet og på Vestlandet nord til Møre, men i mindre omfang.

Sorten har gått under litt ulike namn etter kvar han har vore dyrka, men namnet Blåplomme frå Lier er mest brukt. Namnet Rrotekte blåplommer er også brukt – eller berre Blåplomme. Slike rotekte plommer var lette å formeire med rotskot, og dei blei difor spreidde på enkelt vis. Folk rekna sorten som hardfør og lite kravfull, og difor var han planta i utkantar på garden, på skrinne stader og inntil fjellknausar. Resultatet blei likevel betre når sorten fekk gode veksevilkår og godt stell.

Veksten i treet er middels sterk, greinene er opprette, og dei er skøyre, slik at dei knekk lett i storm og om avlinga er altfor stor. Blada er små og friske, og heile treet var lite utsett for sjukdomar, bortsett frå at det i nokre år kunne få plommepung.

Sorten er mellom dei sortane som blomstrar seint. Han er sjølvfertil og kan gje stor avling.

Fruktene er små, dei er litt ovale til nesten runde. Overflata er blåfiolett med mange lysare punkt. Ho har lysblå dogg over det heile. Griffelpunktet er lite, og saumen ikkje svært tydeleg. Stilken er tynn og nokså lang og sit i ei grunn og trong stilkhole. Stilken losar lett frå plomma.

Fruktkjøtet er gulgrønt med grønare flekker. Det er fast og med fin struktur og middels saftfullt. Smaken er søt, litt snerpande og noko syrleg, og plomma har lite aroma. Fruktene sprekk i langvarig regnvêr. Fruktkjøtet losnar lett frå den vesle steinen.

Fruktene mognar i første halvdel av september. Sorten blei i si tid rekna som ei god spiseplomme, men blei mest brukt i hushaldet til syltetøy og dessertar. Plommene har høgt sukkerinnhald og eignar seg også for tørking. Blåplomme frå Lier var utbreidd i mellomkrigstida, men var helst dyrka for eige bruk. Ofte var avlinga altfor stor. Trea blei ikkje tynna, og plommekvaliteten var svakare enn han kunne ha vore. Denne typen primitive plommer held ikkje mål når det gjeld dagens kvalitetskrav, og Blåplomme frå Lier blir ikkje lenger dyrka i handelsdyrkinga eller i private hagar. Dette er òg eit døme på den gamle typen plommer som voks nærmast vilt mange stader.



Jefferson

Jefferson er framkomen nær byen Albany i staten New York omkring 1825, og plomma fekk namn etter presidenten i USA på den tida. Sorten kom til England så tidleg at han gav frukt der i 1845, og omtrent på same tid kom han til Sverige. I Noreg var han med i ein planteskolekatalog frå 1874.

Som unge veks trea kraftig og opprett, men når avlinga kjem, blir veksten redusert, og treet blir ikkje svært stort. Det er ikkje mellom dei sterkaste med omsyn til frostskaade, men Jefferson er lite utsett for sjukdom.

Sorten blomstrar nokså seint, han kan pollinere mange andre sortar, men må ha pollen frå ein annan sort for å gje avling.

Jefferson kjem ikkje tidleg i bering, men ber seinare årvisst og godt, og avlinga blir etter kvart stor. Fruktene er middels store til store. Forma er oval, men dei kan vere noko skeive, og dei kan smalne mot stilkenden. Saumen er grunn, men er heilt tydeleg. Griffelpunktet er lite, men litt opphøgd. Stilken er nokså lang og tynn, og han sit godt fast i frukta.

Skinnet er middels tjukt, seigt og heng fast i fruktkjøtet. Overflata er grønleg eller gulgrøn til matt gul, og på solsida er ho spetta med rosenraude flekker eller punkt. Over frukta elles kan det vere kvite punkt, og der kan vere rustflekker. Overflata har eit svakt lag med kvit dogg.

Plommene mognar seint, sist i september eller seinare. Jefferson er kravfull og skal ha mykje sol og varme for å bli fullgod.

Fruktkjøtet er mørkt grønleg-gult med lyse årer. Det er fast og saftig, og smaken er fin og aromatisk. Steinen slepp ikkje lett frå fruktkjøtet, sjølv ved full mogning. Kvaliteten var rekna for å vere svært god som bordfrukt.

Jefferson var tilrådd ei tid, både for handelsdyrking og i private hagar, og sorten var planta i alle fruktbygder i landet, men mest i dei indre fjordbygdene på Vestlandet og rundt Oslofjorden. Men han var ikkje mellom dei viktigaste sortane nokon stad.

Jefferson blei planta i mellomkrigstida, og det finst neppe tre att av sorten. Han var så kravfull at fruktene i mange år blei svakt utvikla, særleg i år med låg sommartemperatur og i år med altfor stor avling, og han var difor ikkje god nok som handelsvare. Den lyse overflata var utsett for skade under transport, og fruktene kunne sprekke ved langvarig regnvêr fram mot mogning. I god utvikling er Jefferson ei svært god plomme.



Podekvist av sorten Reeves kom til Noreg frå Canada i 1980. Sorten er avkom etter den gamle sorten Prune Peche, som var dyrka i Noreg i eldre tid. Reeves er blitt den viktigaste plommesorten i Noreg på kort tid, og i åra frå 2017 til 2021 var det i gjennomsnitt omsett nær 400 tonn av han.

Unge tre veks kraftig, men veksten avtek, og trea blir berre middels store. Trekronea er rund, og til plommetre å vere er trea greie å forme og å skjere.


Tre av Reeves blomstrar middels tidleg eller litt seinare. Sorten blomstrar rikt nok i dei fleste år, men avlinga kan likevel bli i minste laget. Dette kan ha med pollinering å gjere, og Reeves krev gode pollensortar kring seg.

Plommer av Reeves er svært store, dei er runde, velforma og fine og veg ofte over 60 gram. Grunnfargen er lysande gul med ein lett og fin raud dekkfarge over det meste av overflata. Reeves er ei plomme som presenterer seg svært fint i omsetninga.

Fruktene mognar omtrent frå midten av september, eller på same tid som Victoria. Sorten er kravfull og skal ha ein god og varm sommar for å bli velutvikla, og plommene må ikkje haustast for tidleg.

Innhaldet av oppløyst sukker i fruktsafta er ikkje svært høgt, men innhaldet av syre er lågt, slik at smaken stort sett er god nok. Rett nok er det dei som meiner at Reeves har litt for lite søtsmak. Sorten treng lite tynning, men ei justering av avlinga er nyttig sidan fruktene er utsette for gul monilia om dei heng for tett, og difor bør henge enkeltvis på greina.

Reeves er blitt ein viktig sort på kort tid (sjå graf 10, s. 358). Han er grei å dyrke, og utsjånaden er slik at sorten er lett å selje. Smaken kunne vore betre, men er likevel så god at kjøparane gjerne kjøper sorten igjen.



Valor blei dyrka fram gjennom kryssing i Ontario i Canada sist i 1930-åra, men det gjekk om lag 30 år før sorten fekk namn. Dette er ei typisk sviskeplomme, og begge foreldra er eldre kjende sviskesortar. Valor blei planta i fleire land i Europa etter 1970, og det har vore interesse for sorten. Han er også planta i Noreg og kom med på lista over omsette sortar i 2014, og i gjennomsnitt for åra 2016 til 2020 var det omsett nær 100 tonn av sorten her i landet, sjølv om vi har lite tradisjon for å dyrke plommer av svisketypen.

Treet veks sterkt dei første åra etter planting, men sidan roar veksten seg ned. Avlinga sit på korte sidegreiner, og slike stagnerer i vekst etter ei tid. Blada er helst små og mørke, og dei er tjukke, som på sviskesortar flest.

Tre av Valor blomstrar svært rikt, og fruktsettinga er god, slik at det blir stor avling. Sorten blomstrar seinare enn dei fleste andre plommesortar og er sjølvsteril og må ha pollen frå ein annan seintblomstrande sort for å gje avling.

Fruktene mognar seint, kanskje ti dagar seinare enn Victoria, eller i månadsskiftet september/oktober. Fruktene er store til svært store, og ofte er avlinga passe stor. Men trea kan også gje så stor avling at fruktene ikkje når full storleik. Kartmengda må justerast etter behov, slik at det er god avstand mellom fruktene på treet.

Frukta er nokså avlang, og steinen er spiss, han har typisk sviskeform. Fruktstilken er lang og tynn. Fargen på frukta er blåpurpur eller blåraud til fiolett, og ho er svært mørk, slik som dei fleste andre svisker. Overflata er dekt av eit kraftig lag av dogg som gjev frukta eit lysare skjær. Plomma er fin å sjå til, og saumen er lite synleg.

Som svisker flest har sorten marmoreringar eller små sprekkar i overflata, særleg fram mot stilkfestet, og det gjer at fruktene kan visne og tørke. Valor har gulgrønt fruktkjöt med fast og fin struktur. Ved fullmogning blir fruktkjøtet meir gult til oransje, og det kan vere litt raudfarga, særleg mot griffelenden. Syreinnhaldet er høgt, det gjev ein kraftig smak.

Smaken er god fordi sorten har høgt innhald av sukkerstoff i fruktkjøtet, slik som svisker flest har. Steinen losnar godt frå fruktkjøtet. Inne i fruktkjøtet kan det førekome nokså mykje gummiflod. Plommene mognar ujamt og bør haustast i minst to omgangar.


Valor er den første sviskeplomma som er dyrka i noko omfang her i landet. Fruktkjötet er fast, og sorten har lang omsetningstid. Sorten mognar så seint at han berre må plantast på klimatisk gode stader, elles blir kvaliteten for svak. Sorten kan ettermogne etter hausting, då avtek syrenivået, kjøtet mjuknar, og plommene kan utvikle meir aroma, men det blir ikkje meir sukkerstoff. Dette er sorten som i dag avsluttar den norske plommesesongen.



Frå gammalt av har det vore dyrka eit rikt mangfald av fruktsortar i Noreg. Fruktdyrking har lange tradisjonar både som næring og matauk, men òg som ei glede i seg sjølv.

Dette omfattande praktverket løftar fram over 130 heimlege sortar av eple, pærer og plommer som har vore vanlege i norske frukthagar gjennom historia. Boka er ei kjærleikserklæring til norsk fruktdyrking som både dokumenterer kunnskap som står i fare for å forsvinne, og inspirerer oss til å ta vare på dei gamle kulturarvsortane.

Boka er gjennomillustrert med detaljerte, handmåla akvarellar av Hege Gjerde Sviggum.



Finn Måge (f. 1941) kjem frå garden Måge i Ullensvang og har i fleire tiår arbeidd som professor i plantevitenskap ved Norges landbrukshøgskole (no NMBU) på Ås. Som forskar og formidlar har han produsert kunnskap som har vore viktig for utviklinga av norsk fruktnæring. Gjennom sitt livslange engasjement for fruktdyrking har han vore sentral i å samle inn og bevare kunnskap om mangfaldet av norske fruktsortar.

Hege Gjerde Sviggum (f. 1973) frå Sogndal arbeider som førstelektor i kunst og handverk ved Høgskulen på Vestlandet. Ho har utdanning i botanisk illustrasjon frå Society of Botanical Artists og Royal Botanic Gardens, Kew i London og har brei erfaring som illustratør.

www.skald.no
ISBN 978-82-7959-371-3



9 788279 593713